



MODALEN KOMMUNE

Landbruk

Håvard Engeset
Postboks 40
5732 MODALEN (Postboksadr.)

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/344 - 22/2691

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
21.12.2022

Tilskot frå næringsfondet til kjøp av tømmervogn

Administrativt vedtak Landbruk sak nr: 012/2022

Vi syner til din søknad datert 22.11.2020. Det er gjort slikt vedtak i saka.

Vedtak

Modalen kommune løyver tilskot frå næringsfondet til innkjøp av tømmervogn til kvar av dei 3 deltakarane i maskinsamarbeidet: Trond Farestveit Helland kr 33 432,- , Jan Arild Steinsland kr 33 432,- og Håvard Engeseth kr 33 432,-.

Vilkår for utbetaling:

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av med gatte dokumenterte kostnader og innsendt dokumentasjon på utlegg. Det er sendt inn kopi av faktura, men betalingsinformasjon som viser at den er betalt må sendast inn.

Det må lagast avtale mellom deltakarane om stell og vedlikehald av maskina.

Tilskotet kan krevjast attende betalt heilt eller delvis dersom utstyr, som vert finansiert med støtte frå næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn oppgitt innan 5 år frå vedtaksdato.

Saksutgreiing:

Trond Helland, Håvard Engeseth, Jan Arild Steinsland, som eig og driv gardsbruk i Modalen søkjer om tilskot frå næringsfondet til å kjøpa inn ei tømmervogn.

Det er levert inn 3 likelydande søknader. Dei skal ha tømmervogna felles, men bruken vert på kvar enkelt gard. Total kostnaden er kr 200 592, og dei betalar 1/3 del kvar som utgjer kr. 66 864,-. Kvar av dei søkjer om kr 33 432,- i tilskot.

Namn	Kostnad eks mva	Tilskot 50 %
Trond Helland	66 864	33 432
Jan Arild Steinsland	66 864	33 432
Håvard Engeseth	66 864	33 432

Det er i søknadane oppgjeve at føremålet med kjøpet er:

Kjøp av tømmervogn med tømmerkran.

Tømmervognen skal brukes til transport av ved og tømmer og utkjøring av tømmer fra skogen. Kran brukes ved lastning og lossing av vognen, den er og nyttig ved håndtering av tømmer, bla ved produksjon av ved for lastning av tømmerbord og ved arbeid på sagbruk.

Bruk av vognen vil en kunne kjøre tømmer ut av skogen, forenkle transporten og håndteringen av tømmer på en sikker og trygg måte. Dette vil redusere den fysiske belastningen ved håndtering av tømmer og vil bidra til bedre HMS på gården.

Vurdering:

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som bygger på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd.

Kommunestyret vedtok i møte den 7. april 2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen. Dette har seinare vorte forlenga. I pkt. 3 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det: Felles innkjøp av driftsmiddel- minst 3 brukarar. Tilskot på 50 % av kostnaden.

Føremålet med ordninga er å leggja til rette for å styrka landbruksdrifta i Modalen, og ordningane skal medverka til

- Oppgradering og fornying av driftsapparat, som kan bidra til kostnadsreduksjon og betre lønnsemd
- Nyare utstyr som kan gje betre arbeidsmiljø og positiv helsegevinst
- Stimulera unge/nye brukarar til å driva gard.

Det er rikeleg med skog i Modalen og det ligg godt til rette for produksjon av både ved og tømmer i kommunen. I tillegg kan det vera positivt for landskapet at område vert hogt/rydda, og ein får nytta ein ressurs som har vore lite i bruk dei seinare år.

Søklarane har tidlegare fått tilskot til vedmaskin som gjer at det kan produserast større mengde ved på ein effektiv og trygg måte. Tømmervogn er eit godt hjelpemiddel til både vedhogst og tømmerdrifter, og administrasjonen er samd i att den både bidrar til effektivitet og tryggleik.

Det er positivt at aktive bønder samarbeider med andre som eig gardsbruk om felles investeringar, og det kan vera med å stimulera til meir drift på dei ulike bruka.

Konklusjon

Administrasjonen meiner støtte til innkjøp av tømmervogn er i tråd med føremålet til ordninga.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt landbruksjef Laila Bjørge.

Med helsing

Laila Bjørge
landbruksjef